



Forventningsavtale for konfirmasjonsopplæringa 2018-19

mellan Os kyrkjelyd og

Os kyrkjelyd, ved prestar, kateket og andre konfirmantleiarar skal gjere sitt beste for å gje deg eit så godt opplegg som muleg og leggja til rette for at konfirmasjonstida kan bli ei god oppleving.

Konfirmasjonstida i soknet vårt består av:

- Kick off helg(oppstart)
- Undervisning , 8 samlingar, frå september til april på ettermiddagstid.
- 8 gudstenester (medrekna 1 presentasjonsgudsteneste,1 Pulshelg og konfirmasjonsgudstenesta)
- Gruppesamlingar ca 6 samlingar fordelt gjennom heile konfirmasjonstida, omlag 20 timer totalt
- Fasteaksjonen, Kick Off og bøsseinnksamling til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i heile verda.

Prest, kateket, konfirmantleiar

Vi skal ta ansvar for :

- At du vert møtt med respekt
- At undervisning og aktivitetar er godt førebudde samvær
- At viktig informasjon vert gjeven skriftleg (post, e-post, Konf Web, heimesida <http://www.kyrkja.no/no>)
- At programmet ikkje vert endra utan særskilt viktige grunnar
- Å informere og gå i dialog med foreldre/føresette dersom konfirmanten gjentekne gonger ikkje følgjer opplegget og reglane.

Foreldre/føresette

Vi skal ta ansvar for:

- Å hjelpe til at konfirmanten oppfyller sitt ansvar
- Støtte opp om samlingar og aktivitetar i konfirmasjonstida når det er muleg
- Delta på oppsette foreldresamlingar (infosamling haust og vår, Pulshelg, fasteaksjon og liknande)
- Melde frå om fråvær ved sjukdom og andre særskilde høve.

Konfirmanten

Eg tek ansvar for:

- Å vise respekt for dei andre konfirmantane, konfirmantleiarane og andre eg møter
- Å ha med Bibel og skrivesaker til samværa.
- Å følgje opplegget og møte presis til samlingane
- Å slå av mobilen på alle samlingar
- Å gje skriftleg melding om fråvær (sms, e-post)
- Å gje beskjed i god tid om det er noko eg ønskjer å endra på.

Turer og utflykter:

Bruk eller besittelse av alkohol eller andre rusmidler, samt mobbing, trusler eller vold mot andre konfirmantar eller leiarar medfører umiddelbar heimsending på eiga rekning.

Foreldre/føresette vert kontakta.

Dato

konfirmant

Foreldre/føresett

konfirmantleiar